

Ettersending til møte i formannskapet 17. april

s. 2 - Utbygging av breiband i Volda kommune

s. 6 - Tilleggsøyving til avbøtande tiltak i Raudemyrvegen i høve utbygging av Håmyra
bustadfelt

s. 12 Informasjon konkurs NEE i epc prosjektet



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Rune Totland

Arkivsak nr.: 2018/802

Arkivkode:

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	17.04.2018
	Kommunestyret	26.04.2018

TILLEGGSØYVING TIL AVBØTANDE TILTAK I RAUDEMYRVEGEN I HØVE UTBYGGING AV HÅMYRA BUSTADFELT.

Administrasjonen si tilråding:

1. Kommunestyret løyver Kr 750.000,- til avbøtande tiltak i Raudemyrvegen tilført vegdrift frå ubunde driftsfond.

Vedleggsliste:

Ingen

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Volda kommunestyre godkjende i 2014 gjeldande reguleringsplan for Håmyra bustadfelt. I denne reguleringsplanen er der ikkje medteke rekkjefølgekrav som tilseier at Urbakkefoten skal byggast før utbygging av Håmyra bustadfelt, eller at Raudemyrvegen skal opprustast til samleveg før utbygging. Dette medfører at all anleggstrafikk til og frå feltet går via Raudemyrvegen. Bebuarane i øvre del av Raudemyrvegen har vesentlege ulemper i form av mykje støv og skit på vegen, som igjen dekkjer eigedomane deira, mest utvendig, men også inni husa. Teknisk sjef og Ordførar har drøfta kortsiktige løysingar med bebuarane og kome fram til forslag til tiltak som kan medverke til reduserte ulemper i anleggsfasen. Tiltaka vil gje auka kostnader knytt til mindre investering og drift.

Det vert såleis lagt opp til auka finansiering for å kunne gjennomføre desse tiltaka.

Løyvinga vil dekkje tiltak i 2018. Dersom der framleis er behov for tiltak i 2019, vil dette verte teke opp på nytt etter vinteren 2019.

Bebuarane i Raudemyrvegen har også kravd at det vert vurdert å etablere fleire vegar inn til Håmyra bustadfelt, i anleggstida spesielt, men også permanent.

Saksopplysningar/fakta:

Utbygging av sambindingsvegen har vore del av planlagt overordna vegsystem i kommuneplan for Volda sentrum gjennom fleire planperiodar, frå før kommunedelplan Volda sentrum i 1990 og heilt fram til plan godkjent av kommunestyret 18.06.2009. Dette er så vidareført også i reguleringsplan for Håmyra med samleveg inkludert gjennom ein omfattande planprosess.

Eit vesentleg ynskje for denne vegtraseen er å legge til rette for betre busstilbod i øvre deler av eksisterande og planlagde buområda i R/H og E/Kl. Slik ny samleveg vil også klart kunne avlaste andre områder som i dag har stor trafikkbelastning på svakt dimensjonert vegnett.

Alternative løysingar for slik samlevegtrase har sjølvstøtt vore vurdert, utan at ein har funne betre eigna alternativ. Volda kommunestyre godkjende i sak PS 62/15 reguleringsplan for Håmyra bustadfelt, med fylgjande vedtak:

"Detaljregulering for Håmyra, slik det går fram av plandokumenta –planomtale og situasjonsplan datert 3.12.2014, og plankart og føresegnar datert 3.02.2015, og med situasjonsplan sist revidert 3.12.2014 som juridisk bindande del av plan, vert på fylgjande vilkår godkjent i samsvar med reglane i Plan og Bygningslova §12-12, jf §12-11: Reguleringsføresegnene §4.1. Rekkefølge, Pbl. §12-7 nr.10, får fylgjande tillegg:

Pkt m): For utbygging av Håmyrafeltet med tilhøyrande samleveg kan settast i gang skal det etablerast fylgjande strakstiltak i Raudemyrvegen:

- 1. Vegen skal skiltast med fartsgrense 40km/t.*
- 2. Fartshumpar/oppheva gangfelt skal etablerast ved gangveg mot Sjukehuset (vest for gbnr 19/410)-, ved kryss mot Brenslene-, mot gangveg aust for Steingardsvegen og ved overgang til Heltnevegen/Uravegen.*
- 3. Gatestrekninga skal ha prioritet i høve komande plan for utskifting/oppgradering av kommunale gateløys.*
- 4. Dersom Raudemyrvegen på strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda ikkje er opparbeidd til samlevegstandard for utbygging av Håmyrafeltet startar, skal det i anleggsfasen etablerast ordning med vikeplikt for møtande køyrety (skilt 212/214) eller lysregulering.*

og pkt n):

Før Raudemyrvegen skal få status som samleveg og gjennomgangstrafikk og bussløysing gjennom Håmyra /Urbakkefoten kan iverksettast, skal vegen på strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda vere opprusta til samleveg standard. Spørsmål om forkøyrsvegskilting av vegen skal då også vere avklara.

Før Kleppevegen skal få status som samleveg og gjennomgangstrafikk og bussløysing gjennom Håmyra/Urbakkefoten kan iverksettast, skal vegen vere opprusta til samleveg-standard. Tilsvarende må Engesetvegen opprustast. Andre byggetrinn i Håmyra skal ikkje iverksettast før desse tiltaka er iverksett. Spørsmål om forkøyrsvegskilting av vegen skal då også vere avklara.

Kommunestyret ber om at administrasjonen startar opp reguleringsarbeidet for strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda straks."

Kommunen har fylgt opp kommunestyret sine vilkår i sak 62/15, jf reguleringsføresegnene §4.1, slik:

- Raudemyrvegen er skilta med fartsgrense 40km/t.*
- Fartshumpar/oppheva gangfelt er etablerast ved gangveg mot Sjukehuset (vest for gbnr 19/410)-, ved kryss mot Brenslene-, mot gangveg aust for Steingardsvegen og*

ved overgang til Heltnevegen/Uravegen.

-Reguleringsarbeidet for opprusting av Raudemyrvegen- strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda er varsla oppstart av med sikte på opparbeiding i 2019. Jf. økonmiplan.

-Reguleringsplanarbeid for opprusting av del av Kleppevegen- og del av Engesetvegen er varsla oppstart av med sikte på opparbeiding i 2019. Jf. økonmiplan.

Ulike mellombelse løysingar (også etter innspel frå oppsittarar i Raudemyrvegen-/Heltnevegen), t.d. om alternative anleggsvegar mot Smalebakken /Fjellvegen/Engesetgeila m.v. har i planprosessen vore sett på og forkasta, då dei klart gir dårlegare løysingar både anleggsmessig og med omsyn til trafikktryggleik.

Kommunen har elles teke viktige grep i saka gjennom vilkår om stegvis utbygging av Håmyra-området. Berre deler av området kan såleis byggast ut før sambindingsvegen også mot vest er bygd, og sambindingsvegen kan ikkje påførast gjennomgangstrafikk/ringbuss mv før naudsynte utbetringar i Raudemyrvegen, Kleppevegen og Engesetvegen er fullført.

I reguleringsplanen er der såleis ikkje medteke rekkjefølgekrav som tilseier at Urbakkfoten skal byggast før utbygging av Håmyra bustadfelt, eller at Raudemyrvegen skal opprustast til samleveg før utbygging, slik enkelte av oppsittarane her krev.

Dette medfører at all anleggstrafikk til og frå feltet går via Raudemyrvegen. Men det er gitt føringar som skal redusere ulempene for dei som bur langs vegen.

Sjølv om det er innført redusert fartsgrense, lagt fartshumpar m.m i vegen, opplever likevel bebuarane i øvre del av Raudemyrvegen vesentlege ulemper i form av mykje støv og skit frå vegen, som dekkjer eigedomane deira, mest utvendig, men også inni husa.

Vurdering og konklusjon:

Oppsittarar langs tilførselsvegar til eit anleggsområde vil normalt verte belasta med anleggstrafikk i sjølve anleggsperioden.

I samband med veg- og grunnarbeidet i Håmyrafeltet ser ein at belastninga vert større for enkelte enn det ein forutsåg, der belastninga er mest intens i samband med bygging av sambindingsvegen og grunnarbeidet for tomtene i feltet.

Aktuelle vidare tiltaka er å fjerne støv og skit frå vegen og eigedomane, men også hastighetsreducerande tiltak i Raudemyrvegen kan vere aktuelt.

Asfaltering av flata øvst i Raudemyrvegen vil også gjere reinhald meir effektivt.

I tillegg vil ny asfalt her kunne leggjast slik at det vert fall inn mot fortauskant og slukar, slik at avrenning ikkje går inn på eigedomane nedom vegen. Det kan då også leggjast ein asfaltkant inn mot oppkøyrslene slik at støv og skit ikkje spreier seg inn i oppkøyrslene ved costing og spyling.

Denne asfalteringa vil ikkje kunne reknast som investering, då asfalten vil vert fjerna under opprusting av Raudemyrvegen som er budsjettært utført om to år.

Det er nødvendig å setje i gang ytterlegare avbøtande tiltak, og rådmannen rår til at det vert løyvd kr 500 000 til slike tiltak, samt kr 250 000 til mellombels asfalt i Raudemyrvegen for å redusere støvplager og leie overflatevatn til stikkrenner. Dei konkret avbørande tiltaka kan gjelde spyling mv som vert å vurdere av adminstrasjonen ut frå nærare synfaring og avtale med huseigar.

Saka er relatert til anleggsprosjektet Håmyra og drifta av kommunal veg.

Tiltak etter tilrådinga vil ha ein positivt miljøaspekt med tanke på redusere plager.

Tilrådd løyving vil dekkje tiltak i 2018. Dersom der framleis er behov for tiltak i 2019, vil dette verte teke opp på nytt etter vinteren 2019.

Helse og miljøkonsekvensar:

Det vert eit betre utemiljø og betre trivsel for bebruarane i Raudemyrvegen

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje behov for auke i driftsbudsjett då tiltak vert finansiert av fondsmidlar.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Rune Sjurgard
Rådmann

Rune Totland
teknisk sjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Teknisk sjef for oppfølging

Økonomisjefen

Utviklingsavdelinga

Klageinstans:

Ikkje relevant



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Paul Ottar Tornes

Arkivsak nr.: 2018/776

Arkivkode: N64

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

Formannskapet

Kommunestyret

UTBYGGING AV BREIBAND I VOLDA KOMMUNE

Administrasjonen si tilråding:

1. Kommunestyret sluttar seg til at det vert søkt om NKOM-midlar for å få fram breibandsinfrastruktur til private og verksemde i bygdene
 - Nordsida av Austefjorden og Kalvatn (langs E39)
 - Folkestad
 - Dravlaus
2. Det vert løyvd kr 200 000 i eigenandel til prosjekta med dekning frå bruk av ubunde kapitalfond. Dersom det vert gitt tilsagn om tilskot frå NKOM vert det lagt fram eiga sak om nærmare utbygging, kostnader, finansiering og organisering av opplegg med omsyn til privat utbygging av breiband til private og verksemdar i desse bygdene

Vedleggsliste:

Dekningskart grunnleggande kvite områder (under 10 Mbit/s)

Dekningskart kvite NGA-områder (under 30 Mbit/s)

Forklaring: Raude er områder under terskelverdi, og svarte er områder over terskelverdien.

Saksopplysningar:

Stortinget har i Statsbudsjettet sett av 149,7 mill. kroner til breibandsutbygging i 2018. Målet med ordninga er å gje støtte til utbygging av breiband i område som manglar grunnleggande breibandstilbod, og som ikkje er kommersielt lønsame å bygge ut. Midlane er i år ble fordelt til fylka etter ein fordelingsnøkkel basert på den faktiske breibandsdekninga i fylket. Møre og Romsdal fylkeskommune er tildelt ei ramme på 17 295 940 kroner for 2018.

Ordninga skal støtte utbygging av breiband i grunnleggande kvite område eller oppgradering av eksisterande breibandstilbod i kvite NGA-område. Grunnleggande kvite område er definert som område der husstandar og bedrifter i dag ikkje har tilbod om breiband på minst 10 Mbit/s eller høgare. Kvite NGA-område er område som ikkje har tilbod om 30 Mbit/s eller meir. Det kan også gjevast støtte til prosjekt som skal etablere tilbod i ein kombinasjon av dei to områda. Alle kommunar i Møre og Romsdal kan søke støtte frå ordninga.

Nytt frå 2018 – fylkesvise rammer

Frå 2018 får fylkeskommunane tildelt midlar etter ein fordelingsnøkkel frå Nkom. Det gir kommunane i Møre og Romsdal ei mulegheit til å søke støtte til breibandutbygging utan å måtte konkurrere med kommunar i heile landet. Prosessen er slik at kommunane sender søknad til fylkeskommunen. Fylkeskommunen skal så vurdere søknadane og lage ei innstilling for kva prosjekt som bør få støtte. Denne skal sendast til Nkom, som kontrollerer og godkjenner prosjekta. Deretter vert tilskotbeløpet tildelt fylkeskommunen, som så overfører til kommunane. Det er viktig å merke seg at dersom vi ikkje får fram nok kvalifiserte søknader frå kommunar i Møre og Romsdal, vil pengane gå til andre fylke. Dagens samfunn baserer store deler av tenestetilbodet på at innbyggjarane har tilgang til internett. Utbyggingsbehovet for høghastigheits-breiband i kommunen er stort.

Vilkår for søknad om breibandstøtte

- Kommunar som planlegg å søke breibandstøtte, skal offentleggjere kvar det er planlagt utbygging gjennom ei open offentleg høyring, med høyringsfrist på minst ein månad.
- Minst halvparten av midlane som er sett av skal brukast til utbygging av breiband i grunnleggande kvite områder. Dersom alle dei kvite områda kan byggast ut med mindre enn 50 % av den økonomiske ramma, så kan resten brukast til kvite NGA-område, altså utbetringar i område som har under 30 Mbit/s.
- Lokale bidrag skal utgjere minst 25 prosent av total prosjektkostnad. I lokalt bidrag inngår eigeninnsats og –kapital frå kommunen, private, lokalt næringsliv, dugnad osv. Utbygger sin del skal ikkje reknast med i lokale bidrag.
- Prosjekta skal være teknologinøytrale. Det skal ikkje settast krav om fiberteknologi.
- Breiband til sluttbrukar skal tilbydast til ein fastpris om er uavhengig av bruken
- Prosjektet som mottar tilskot skal gje eit reelt breibandstilbod til alle husstandar og bedrifter innanfor det geografiske området, dvs. 100% dekning i det aktuelle området.
- Utbyggerar med offentlig støtte skal tillate andre tilbydarar å kople seg på det aktuelle nettet, for å tilby breiband i tilgrensande område til rimelege vilkår.
- Kommunar som får tilskot må lyse prosjektet ut på anbod innan eitt år.

Status i Volda kommune

Volda kommune har i dag bygder som ligg i grunnleggande kvite- , og kvite NGA-områder. NKOM har utarbeida dekningskart som synar områder som er grunnleggande kvite, og kvite NGA-områder.

- Grunnleggande kvite: Dalsfjorden, Velsvika, Tilset, Høydalen, Sunndalen og Kalvatn.
- Kvite NGA-områder: Store delar av Volda kommune, unntak er tettbygde strøk i sentrumsområda, delar av Egset-Mork-Håskjold, Lauvstad-Sætre, Folkestad, Straumshamn og Helset

Dekningskarta til NKOM er ikkje kvalitetssikra og avvik vil finnast. Det er antatt at nokre områder definert som kvite NGA i praksis vil vere grunnleggande kvite områder. Det har

kome inn NKOM har utvikla nettside og mobil-applikasjon slik kommunen og innbyggjarane kan teste dette sjølve på www.nettfart.no

Saker i høve til breiband

- PS 113/17 Vedtak å bygge ekom-anlegg (fiber) frå Halkjelsvik til Folkestad med ei kostnadsramme på kr 1 963 000 (ink mva).
- PS 47/17 Vedtak om at administrasjonen skulle søkje om infrastrukturmidlar for kommunar som slår seg saman med sikte på å etablere fiber/breiband mellom kommunehuset i Hornindal og Volda rådhus. Nye Volda fekk 4 millionar til kommunikasjon, der 3,95 millionar vil gå kunne til fiber/breiband.

Samarbeid med Vanylven kommune

Vanylven kommune har fiber til Lauvstad som dei kan tilby gjennom langtidsleige, slik at Volda kommune kan stille med fiberinfrastruktur nær Dravlaus, for å auke sannsyn for tilsagn på søknad og vidare utbygging inn til Dravlaus i Dalsfjorden.

Lokale bidrag

Lokale bidrag er satt til å utgjere minst 25 prosent av total prosjektkostnad. I lokalt bidrag inngår eigeninnsats og –kapital frå kommunen, private, lokalt næringsliv, dugnad osv. Utbygger sin del skal ikkje reknast med i lokale bidrag.

Tilskot frå Volda kommune vil auke sannsyn for tilsegn på søknadane.

Vurdering og konklusjon:

1. Volda kommune har ei rekkje bygder som er grunnleggande kvite og NGA kvite områder.
Det er liten grad av utbygd infrastruktur som kan levere høghastigheit internett til desse bygdene. Av den grunn er områda der kommunen skal bygge infrastruktur, og har tilgang til infrastruktur via samarbeidspartnar mest sannsynleg å få tildelt støtte via NKOM-ordninga.

Utbygging av breiband er kostbart og må sjåast på som ein etappevis utbygging. Denne vurderinga er også basert på at ein må ha kapasitet til gjennomføring. Eit eksempel på dette er området inn og ut heile Dalsfjorden med lange strekker mellom bygdene. Det anbefalast difor å søkje om midlar for Dravlaus i fyrste omgang.

Det blir difor tilrådd å søkje om NKOM-midlar til tre prosjekt:

- Nordsida av Austefjorden og Kalvatn (langs E39)
- Folkestad
- Dravlaus

2. Lokale bidrag må utgjere minst 25% av total prosjektkostnad for å kunne få tildelt midlar.

Det blir difor tilrådd å løyve kr 200 000 i eigenandel til prosjekta med dekning frå bruk av ubunde kapitalfond. Dersom det vert gitt tilsagn om tilskot frå NKOM vert det lagt fram eiga sak om nærmare utbygging, kostnader, finansiering og organisering av opplegg med omsyn til privat utbygging av breiband til private og verksemdar i desse bygdene

Kommuneplanen

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune.

Samfunnsdelen, i kommuneplan for Volda, kapittel 4.2 definerer helse til å mestre kvardagens krav, og at alle kommunale tenester ha eit ansvar for å legge til rette slik at alle innbyggjarane skal kunne mestre liva sine og få nytte ressursane sine til det beste for seg sjølv og samfunnet rundt seg.

Ein godt utbygd breibandsinfrastruktur vil legge til rette for bruk av velferdsteknologiske løysingar for innbyggjarar i alle alderssegment og på den måten bidra til at innbyggjarane kan mestre kvardagens krav.

Kapittel 4.4 Busetting seier at Volda kommune har som mål at fleire unge skal flytte til og bli verande i Volda, og at folk skal kunne bu heime så lenge dei kan. Vidare skal Volda tilby varierte byggeklare tomter og bustadar, og attraktive bumiljø, samt redusere den negative folketalsutviklinga på bygdene.

Ein godt utbygd breibandsinfrastruktur vil kunne bidra til realisering av desse måla.

Kapittel 4.5 Volda i regionen definerer mål om å bruke Volda-Ørsta sin kulturarv og identitet bevisst i arbeidet med å bygge regionssenteret.

Ved god tilgang til breibandsinfrastruktur vil ein kunne gjere digitale tenester tilgjengelige ved kulturminner, som kan bidra til å gjere kulturminna meir tilgjengelig og syne Volda sin identitet til turistar og innbyggjarar.

Økonomiske konsekvensar:

Eigenandel på kr 200 000.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Økonomisjefen
Teknisk sektor
Digitaliseringsrådgjever





Informasjon konkurs NEE i epc prosjektet.

Onsdag 11. april kl 17:58 fekk Volda kommune følgende melding frå NEE.

Styret i Norsk Enøk & Energi AS har i dag besluttet å begjære selskapet konkurs. Selskapet har i en periode slitt med å finne gode og tilstrekkelige løsninger på de utfordringer selskapet har stått overfor, til tross for intensivt arbeid fra ledelse og ansatte.

I dialog med eiere og bank har ikke styret funnet at det er tilstrekkelig grunnlag for en videre drift av selskapet.

Ledelse og styre beklager overfor ansatte, kunder, leverandører og andre interessenter at det ikke har vært mulig å finne gode nok løsninger for alle involverte parter slik at virksomheten kan drives videre i regi av selskapet.

Selskapet har i dag 22 ansatte, hvorav 7 tilknyttet selskapets lokaler i Drammen, 5 i Fredrikstad, 4 i Porsgrunn og 6 i Tønsberg.

På vegne av styret i Norsk Enøk & Energi AS

Trond Andersen

Med hilsen

Gunnar Chr. Hjortaas
Konstituert daglig leder

Mobil: [+47 90 84 46 74](tel:+4790844674)

E-post: gh@nee.no Norsk Enøk og Energi AS
Fredrikstad

Pr dato har Volda kommune betalt ut og godkjent 64% av kontraktssum som er 36 087 101,-

Volda kommune vil mest truleg ikkje lide noko økonomisk tap som følge av dette. Vi har god kontroll på økonomien i prosjektet og har heile vegen ikkje betalt ut meir enn det som er levert inn i prosjektet.

Vi har styrt økonomien slik at ved 100% ferdigstilling på eit tiltak har det berettiga 66,5% utbetaling av totalsum av tiltaket for NEE. Dette pga. gjenstående opplæring, fdv dokumentasjon og prøvedrift. I tillegg er det utstett ein bankgaranti på 10% av kontraktssum på ca 4,8 mill inkl mva.

Volda kommune er ei blant ca 10 kommuner som er i kontrakt med NEE og vil halde dialogen med desse for å koordinere evt. Felleskrav mot bustyret.

Bustyret avheld første møte den 16.04.2018.

Informasjon blir gitt fortløpande etter dette.

Det har vore utført tiltak gjennom epc prosjektet på følgjande bygg:

Paviljong B (høgskulen)
Volda Rådhus
Mork skule
Legesenteret
Dalsfjord skule
Lettbygg (høgskulen)
Bratteberg skule
Vikebygda skule
Folkestad skule
Volda ungdomskule
Omsorgsenteret
Austefjord skule
Lauvstad barnehage
Engeset barnehage
Mork barnehage
Folkestadtun
Smiebakken 4
Fjordsyn
Samfunnshuset
Prestegata 33 FDV/Brannstasjon

Det som står att å gjennomføre i prosjektet:

- Generelt sett så står det att noko flikk og utbedringar i forhold til det som er gjort bygningsmessig på vindus- og dørbytte.
- Vidare er det nokon stadar skifta slagretning på vindauga, noko som gjer at eksisterande persienner etc. ikkje kan brukast opp att. Dette ville NEE fått krav på seg om å rette opp. Ein må no sjå om dette blir eit krav inn mot buet eller om det går mot bankgarantien til NEE.
- Luft til luft varmepumper er ikkje levert i hht. Kontrakt, noko som var ein pågåande tvist mellom partane. (Blir krevd retta mot Buet eller i bankgaranti)
- SD anlegg og toppsystem er ikkje komplett levert. Står att ein del testing, utbedring av skjermbilder i systemet og å knytte på nokon komponentar som skal vise i systemet.
- FDV dokumentasjon er ikkje ferdig levert. (dette er det underleverandørar av NEE som skal levere, altså bør dette ordne seg etterkvart som vi blir ferdige med buet i NEE og kan ferdigstille i samarbeid med underentreprenørar i prosjektet)
- Vi skulle i gang med overtakelsar første veka i mai. Det ville i den forbindelse bli ei mangelliste på manglar feil som må utbedrast. Vi må no ta ferdigbefaring utan entreprenør og legge fram feil/manglar for buet og underentreprenørar.
- Prøvedriftsperioden gjenstår.
- Garantitid i prosjektet. (Vi mistar garantien for besparelse som låg i prosjektet)